



## **SOMMARHELING TIL ALLE FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR**

### **TAKK**

Det er stor aktivitet i dei fem kyrkjelydane i Sogndal og Leikanger – slik det skal vere i ein kyrkjelyd i vår tid. Ein viktig berebelke i dette arbeidet er dyktige og engasjerte frivillige medarbeidarar. Det er svært mange timar med frivillig arbeid som vert utøvd kvar veke året rundt. TAKK for at akkurat DU bidreg til den flotte og viktige aktiviteten som finn stad kyrkjelyden din – anten det er trusopplæring, søndagsskule, ungdomsarbeid, konfirmantopplæring eller diakoniarbeid – som kyrkjevert, tekstlesar eller på dugnad.

### **NYE MEDARBEIDARAR**

Vi treng fleire medarbeidarar – mellom anna som besøksven, til å halde andaktar, som kyrkjevert og vaksne leiarar til trusopplærings- og konfirmantarbeidet. Om du sjølv eller om du kjenner nokon som du trur kunne tenke seg å vere med på desse eller andre oppgåver, ville det vere flott om du kunne vere vår utsendte og spørje på vegne av oss. Dersom du treng meir informasjon, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret tlf. 57 67 99 85 eller soknediakon Gitte Th. Torstad tlf. 97 41 65 19.

Du kan òg ta kontakt med ditt eige sokneråd, og spørje om det er noko du kan hjelpe til med.

### **MEDARBEIDARFEST OG KYRKJELYDSTUR**

Torsdag den 26. september kl. 1900 vert DU og alle dei andre frivillige medarbeidarane inviterte til medarbeidarfest i Stedje kyrkje. Det er staben på kyrkjekontoret som inviterer, og dei lovar ein flott kveld med god mat og eit variert program – som skal skape begeistring og inspirasjon. Sett av datoen alt no, så kjem vi attende med meir informasjon seinare.

Den 17. august vert det kyrkjelydstur – denne gongen til Undredal, Aurland og Flåm.

Du som frivillig medarbeidar er viktig for at kyrkja kan løyse konkrete oppgåver. Men like viktig er det at vi alle høyrer med i eit fellesskap – anten det er til gudsteneste eller på andre møteplassar i kyrkja.

Så ønskjer vi deg ein riktig god sommar  
– og ønskjer vel møtt att til hausten til både teneste og fellesskap!

### **HELING**

Sokneråda i Fjærland, Norum, Kaupanger, Stedje og Leikanger  
og staben ved kyrkjekontoret.